Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/20768-1
Sakshandsamar
Johannes Rindal

Saksgang	**Møtedato**
Valgnemnda	17.11.2026
Fylkestinget	02.12.2026

Oppnemning av representant til politisk styringsgruppe for Interreg ØKS

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fylkestinget oppnemner _____ til politisk styringsgruppe for Interreg ØKS.

Bakgrunn og saksgang


Interreg er EU sitt program for grenseoverskridande regionalt samarbeid. Programperioden for Interreg Øresund – Kattegat – Skagerrak (ØKS) 2021-2027 går mot slutten og arbeidet med å organisere og utforme programmet for perioden 2028-2034 startar opp i haust. Organiseringa er ikkje endeleg landa, men det blir truleg lagt opp til ei politisk styringsgruppe der Telemark skal ha fast representant. Vedkomande kan òg bli vara til gruppa dersom det blir bestemt ei anna organisering.

Saka vert fremja for valnemnda og fylkestinget no sidan det fyrste møtet i politisk styringsgruppe truleg vil vere før møterekke 1 i 2027.

Saksopplysningar

Det vil formelt vere det svenske Landsbygds- og Infrastrukturdepartementet som gjev oppdraget om å utarbeide eit nytt Interreg ØKS-program for 2028-2034. Dette er venta innan kort tid. Som for inneverande programperiode vil det vere Region Skåne som koordinerer arbeidet. Arbeidet vil bli organisert med ei politisk styringsgruppe, ein administrativ programkomité og skrivegrupper for dei ulike tematiske områda. Prosessen startar opp i vinter og skal vere sluttført hausten 2027. Per no er det lagt opp til fire møte i politisk styringsgruppe.

Kart over deltakande regionar i Interreg ØKS:



Regionar som inngår i Interreg Øresund-Kattegat-Skagerrak: 1. Nordjylland, 2. Midtjylland, 3. Sjælland, 4. Hovedstaden, 5. Skåne, 6. Halland, 7. Västra Götaland, 8. Østfold, 9. Akershus, 10. Oslo, 11. Vestfold, 12. Buskerud, 13. Telemark og 14. Agder.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Arbeidet i politisk styringsgruppe vil medføre nokre reiseutgifter.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Arbeidet i politisk styringsgruppe vil medføre noko reising i Skandinavia. Deltaking i Interreg ØKS bidreg til prosjekt som omstiller ulike sektorar og kuttar utslepp.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer det som viktig at Telemark fylkeskommune deltek aktivt i arbeidet med å utforme Interreg ØKS-programmet for perioden 2028–2034. Gjennom deltaking kan fylkeskommunen vere med på å påverke prioriteringane i programmet og leggje til rette for at framtidige prosjekt kjem regionen til gode. Aktiv medverknad vil òg bidra til at programmet blir meir relevant for utfordringane og utviklingsmåla i fylket, og at ulike aktørar i Telemark får gode føresetnader for å delta i grenseoverskridande samarbeid.